

DELPROSEDYRE 9: Destruksjon av legemiddel

- Seponett restmedisinbeholdar bestillast via apotek 1.
- Legemiddel tatt ut av dosett eller multidosepose samlast i seponett SP-1.
- Pakker med legemiddel som skal destruerast sendast i retur til apoteket.
- Depotplaster utgått på dato sendast i retur til apoteket. Brukte depotplaster brettast saman med limflata mot kvarandre og kastast i restavfall
- Ved dødsfall skal private legemiddel leverast apoteket for destruksjon. Reseptfrie legemiddel kan leverast til pårørande/arvingar dersom dei ønskjer dette.
- Brukte kanyler samlast i gule avfallsboksar. Til heimebuande kan ein samle kanylane i t.d. ei plastflaska og kasta det i restavfallet.
- Restar av flytande legemiddel samlast i Seponett LP-5 eller LP-25.
- For heimebuande: Større mengder av A- og B-preparat som skal kasseras returnerast apotek.
 - Eige skjema for retur nyttast. Skjema signeras av apotek og returnerast til avdelinga og oppbevarast med narkotikarekneskapet

Pakking av legemiddel til destruksjon

- Seponett SP-1 (beholdar med tablettar) leverast apoteket når den er full.
- Gule avfallsboksar og seponett LP-5/LP-25 samlas i ein stor gul boks (50 liter). Kontakt NGIR når boksen er full.